




Sjå mottakarliste

Saksbehandler, innvalgstelefon

Hedda Vik Askeland, 5557 2055

Anleggsarbeid i sjø for Nikøy Eigedom – utfylling for å utvide landareal – høyring av søknad om løyve etter forureiningslova – høyringsfrist 7. september 2026

På Bulandet i Askvoll kommune ønskjer Nikøy Eigedom AS å utvide landarealet og forlenge det eksisterande kaiområdet for å betre den daglege drifta fordi det er trangt på kaiområdet. Figur 1 visar gnr./bnr. 70/6, der utviding av landareal skal gjennomførast.



Figur 1: Kart som visar gnr./bnr. 70/6, der utviding av landareal skal gjennomførast.

Areal for utfylling i sjøen nord for eksisterande kaia vil dekke om lag 1600 m² og det berekna volumet ligg på om lag 5000 m³ steinmassar. Området skal fyllast opp til kote 2, same høyd som eksisterande kai og tilstøytande terreng. Det skal nyttast lokale massar.

All synleg forureining eller plast i massane skal fjernast og leverast til godkjent avfallsmottak. For å ta omsyn til fuglar i hekketida og fisk i gytetida, skal det ikkje arbeidast i tidsrommet frå 1. februar til 31. mai.

Tidsperiode for planlagt gjennomføring er august 2026 til januar 2027.



Ber om eventuelle uttalar innan 7. september 2026

Vi ber Askvoll kommune om å vurdere om tiltaket er i samsvar med dei godkjenningane kommunen har gitt etter pbl og evt. andre forhold. Vi ber Bergens Sjøfartsmuseum og Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Sør-Norges Fiskarlag om å vurdere tiltaket ut frå omsyn til marine kulturminne og fiskeriinteresser.

Statsforvaltaren ber om eventuelle uttalar til vedlagte søknad innan 7. september 2026. Uttalar kan sendast til sfvlpost@statsforvalteren.no merket 2026/12024.

Søknaden med vedlegg og Statsforvaltarens brev i saka blir gjort tilgjengeleg på Statsforvaltarens heimeside: <https://www.statsforvalteren.no/nb/vestland/hoyringar/>

Med helsing

Hedda Vik Askeland
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Søknad

Kopi til:
Nikøy Eigedom AS

Mottakerliste:

Askvoll kommune	Postboks 174	6988	
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Bergens Sjøfartsmuseum			
Sør-Norges Fiskarlag			